

Fjågesund Posten

Nr. 3 november 2020



STØTT FJÅGESUND IL MED TOMGODS!

Har de tomgods som vi kan pante til inntekt for laget vårt, vil vi gjerne at de set det ut i knytt pose, ved trammen eller innkjørsla di slik at det er lett å finne.

Vi kører rundt og samlar inn:

Tysdag 10. november kl 17.00.

GANGETUR FOR ALLE!

Tysdag 10. november kl. 18.00

Start frå grendehusplassen. Hugs refleks og hald avstand til kvarandre!

Væratterhald.

Arr. Fjågesund IL.



PREMIETREKNING

Fjågesund IL hadde på styremøte i oktober trekning på 4-turar i bygdi. Turane var Tellnesåsen, Hyvre, Utsikten og Knutskåshytta. Vinnar av gåvekort på kr. 1500: Thor Odd Øigarden. Vinnar av gåvekort kr. 500: Andrea Fjågesund.

Dei tre med flest turar til Hyvre 2019:

Vinnar av gåvekort kr. 500: Beathe Øigarden med 5 turar.

Vinnar av gåvekort kr. 300: Aia med 3 turar.

Vinnar av gåvekort kr. 200: Camilla Strandkås med 2 turar.

Denne premieringa er den årlege som skulle vore på 17.mai feiringa.

Gåvekorta er kjøpt på Intersport og vinnerane vert kontakta.

GANGETUR FOR ALLE!

Tysdag 24. november kl. 18.00

Start frå grendehusplassen. Hugs refleks og hald avstand til kvarandre!

Væratterhald.

Arr. Fjågesund IL.




GANGETUR FOR ALLE!

Tysdag 8. desember kl. 18.00

Start frå grendehusplassen. Hugs refleks og hald avstand til kvarandre!

Væratterhald.

Arr. Fjågesund IL.




KORONA NYTT

Det har vore eit spesielt år uten arrangement på grendehuset, men det positive er at grendehuset har fått utvendig vask og beising på dugnad. På bestilling av idrettslaget har kjøkkeninnredninga blitt måla av Halvor Bentsen. Idrettslaget har søkt Lotteri og Stiftelsestilsynet og fått koronakompansasjon for avlyst Knarren Rundt, vår-basar og loppemarknad. Grendehuslaget har avlyst haust-basaren og Velforeninga har avlyst elgfesten. Det vert heller ikkje arrangert jolegråntenning og joletrefest.

KYRKJE NYTT

Det er nå på plass nytt høgtalaranlegg og teleslynge i kyrkja. Lag og privatpersonar gav over kr. 30.000 til dette, ein liten sum frå det gamle Fjågesund og Kilen sokn vart bruka, og resten er betalt frå soknerådet sitt budsjett. Kyrkja får også nye ljós i koret.




GUDSTENESTE

Kilen kapell

Sondag 20. desember kl 16.00.

v/Møyfrid Lunde.

Nattverd. Offr. Kyrkjelydsarbeidet.



GUDSTENESTE

Fjågesund kyrkje

joleftan, 24. desember kl. 12.45

Offr. Kirkens Nødhjelp.



Godt Nytt År!



STOLPEJAKT 2021

Fjågesund IL vil i samarbeid med Kviteseid IL og Kviteseid kommune arrangere stolpejakt i bygda til våren. Dette er eit lågterskeltilbod der stolpane skal vera lett tilgjengeleg inntil veg, altså ingen topptur! Stolpane vert digitalt nøyaktig plassert og merka av på eit felles kart for heile kommunen. På kvar stolpe er det ein QR-kode som kan skannas med ein eigen app. Det vert også laga papirark for dei som vil ha det. Stolpane har ulike fargar som indikerar vansklegetsgrad og det blir gjeve ulikt antal poeng utifrå denne. Vi byrjar planlegginga nå, stolpejakta startar 1. mai. Både lokale og ukjente folk kan nå oppdage kor fint vi har det her og vi håpar dette kan vere god reklame for bygda! Dette vert i fyrste omgang bare denne sommaren fordi alle grendene i kommunen skal få vera med på omgang. For meire info: stolpejakten.no.



Sjå også heimesida til Fjågesund på:
fjaagesund.no